

Styremøte Sogn og Fjordane Turlag

Torsdag den 22.4.2021

Kl. 1730 på Skei Hotel.

Tilstade: Siv Merete Stadheim, Irene Lunde, Karen Weichert, Oddvar Flæte, Trond Einemo, Tor Arne Hauge, Ron Overdevest, Jarle Mundal, Hanne Bruaas, Marie Sørum

SAK

1. Konstituering av styret
 - **Vedtak**, Irene som nestleiar
2. Orientering om Sogn og Fjordane Turlag
 - Styret presenterer seg for kvarandre. Siv Merete orienterer om turlaget og status per i dag.
3. Orientering frå styreleiar på pågåande saker/ søknader
 - Vestland Fylkeskommune, driftstilskot- positive signal
 - Sparebanken Sogn og Fjordane, BUA søknad
 - Gjensidigestiftinga, dagsarrangement ungdom og Base Camp.
 - Gjennomgang av e-post frå Sogndal Turlag til DNT om prosess for oppretting av eigen medlemsforeining.
4. Gjennomgang av handlingsplan, sjå vedlegg
 - Spring ut av DNT sine kjerneverdier.
 - Handlingsplan blir gått nærare gjennom ved neste styremøte.
 - b. Utvala orienterer om sine planar og pågåande oppgåver.
 - Oddvar Flæte, ynskjer eit mål om eit Gålag i alle turlag. (Søke Aktiv i 100) Oddvar er klar for misjonsverksemd.
 - Marie er i gang å planlegge Base Camp, dagsarrangement, UT.no
 - Ron samarbeider tett med FNF (Forum for natur og friluftsliv), DNT Vest samarbeider godt om fråsegn i høve vindkraft. Mogleg meir lokale fråsegn i høve vasskraft som har kome opp som eit tema igjen.
 - Jarle, ser frem til å kome i gong! Skal ha eit møte med Vigdis.
 - Tor Arne, gler seg til å kome i gong. Diskusjon rundt tankane for det nyoppstarta *Hytte- og ruteutvalet*
5. Status økonomi.
 - Styreleiar tar gjennomgang av økonomien ved neste styremøte.
6. Oppretting av gruppe for kontingent, vedtak årsmøte; *Årsmøte ber styret setje saman ei gruppe, som skal leggje fram forslag til ny kontingentutrekning og forslag blir lagt fram på fellesmøte SFT 2021.*

Styreleiar informerer om situasjonen, og bakgrunn for vedtaket.

Styret vil har eit breitt utval av lokallag med i gruppa valte utifrå lokallag med hyttedrift, små-mellomstor- og stort lokallag.

 - **Vedtak**, styreleiar ber MNT, Luster, Keipen og dagleg leiar lage eit forslag til ny kontingentutrekningmodell, som blir lagt fram på fellesmøte SFT 2021.

7. Søknad frå Luster turlag om økonomisk støtte til hytte, sjå vedlegg
 - Styreleiar informerer om Luster Turlag sin situasjon.
 - **Vedtak:** SFT kan ikkje gje stønad, sidan vi er finansiert av lokallaga og lokallaga har motteke egne søknader. SFT ynskjer å legge arrangement, støtte opp om aktiviteten, annonsere og spele inn LuT i søknadar o.l.

8. Plan for styret:
 - a. Korleis skal vi jobbe
 - i. AU.
 - **Vedtak:** Styreleiar og nestleiar og DL opprettar arbeidsutval. Sender referat i etterkant
 - b. Informasjonsdeling?
 - Blir for mykje e-postar. Styreleiar og DL sendar ut informasjonen ein tenkjer er viktig for styremedlemmar.
 - c. Behov for møteplan?
 - Finn dato frå gong til gong.

9. Eventuelt
Deltakarar landsmøte:
 - **Vedtak:** Leiar og nestleiar er utsendingar til DNT sitt landsmøte.FNF sitt årsmøte:
 - **Vedtak:** Ron representerer SFT i FNF styret
 - Sende ut reiserekningskjema saman med referat.

Referent, Marie Sørum
22.04.2021